

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen		14/428

Saknr	Utval	Type	Dato
046/2014	Formannskapet	PS	10.06.2014

Fjon fjellkyrkje - søknad om støtte til nytt kjøkken

Vedlegg:

3D - Fjon Fjellkirke, Revidert nov 2013

Søknad om støtte -Fjon Fjellkyrkje -aksjon kjøkken- Masfjorden Kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 20.000 i støtte til totalrenovering av kjøkkenet ved Fjon Fjellkyrkje. Tilskotet vert dekket av tilleggslyvingar, teneste 18004.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Fjon Fjellkyrkje søker om kr. 20.000 i støtte til totalrenovering av kjøkkenet på fjellkyrkje med ei kostnadsramme på Kr 450 000,-.

Fakta

Fjon fjellkyrkje set i gang med det største prosjektet sidan kyrkja vart vigsla i 1987, med ei kostnadsramme på Kr 450 000,- fordelt på kr. 250 000 for innreiing/maskiner/utstyr og kr 200 000 for oppgradering av det bygningsmessige. Dette "løftet" klarar ikkje fjellkyrkja åleine.

Fjellkyrkja trengkr 250 000,- i innsamla midlar og 200 000,- frå oppsparte midlar. Ein del støtte og sponsormidlar har dei allereie fått, men manglar fortsatt ein del. Difor hendvender fjellkyrkja seg til Masfjorden Kommune som har kyrkja/leirplassen i sin kommune. Det er første gongen, i alle fall sidan 1996, at me søker kommunen om ekstra midlar. Trongen for nytt kjøkken har tvinga seg fram- og me kunne ikkje utsetja dette lenger. Fjon Fjellkyrkja vart vigsla i 1987 og sidan den gong har mange tusen barn, unge, eldre brukt Fjon Fjellkyrkje som overnattingstad/møteplass. meir info på www.fjonfjellkyrkje.com

Fjon Fjellkyrkje ligg fint til ved kanten av Stølsheimen og dei som brukar fjellkyrkja vår, kan nyta ein flott del av kommunen. Om det er ynskjeleg har me plass til litt reklame om kommunen. Kanskje de har reklamemateriell som kan liggja på kyrkja. Masfjorden sine konfirmantar brukar Fjon Fjellkyrkje på to årlege leirar.

Konklusjon

Masfjorden kommune er positiv til satsinga til Fjon Fjellkyrkje i form av totalrenovering av kjøkkenet,

og støtter prosjektet med inntil kr. 20.000.

Formannskapet - 046/2014

FS - behandling:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 20.000 i støtte til totalrenovering av kjøkkenet ved Fjon Fjellkyrkje. Tilskotet vert dekket av tilleggsøyvingar, teneste 18004.